



MØTEPROTOKOLL

Utval: Kommunestyret
Møtedato: 01.10.2009
Møtetid: 13:00 - 19.00
Møtestad: Samnanger ungdomsskule

Før sjølve kommunestyremøtet hadde medlemmane synfaring på Samnanger ungdomsskule.

Av 21 medlemmer møtte 21, inkludert varamedlemmer.

| Desse medlemene møtte ikkje: | I staden møtte: |
|---|--|
| <ul style="list-style-type: none">• Kristian Jørgensen Krf• Øyvind Røen Sp | <ul style="list-style-type: none">• Sven Tore Kulleseid• Monica Tjønnna |

Andre som var til stades på møtet:

- Rådmann Tone Ramsli under heile møtet
- Assisterande rådmann Hilde Lill Våge under heile møtet
- Økonomisjef Nina Erdal under orientering om økonomisk status.
- Politisk sekretær Magda Haugen under heile møtet.
- PROSAM representert ved Tone Tysseland Holmefjord under sak 42/09
- Representantar frå adhoc-utvalet som har arbeidd med skulebruksplanen under sak nr. 41/09:
 - Rektor ved Gjerde skule Marit Kulild
 - Rektor ved Samnanger ungdomsskule Solvor Aadland
 - Rektor ved Nordbygda skule Kjersti M. Bruvik
 - Pedagogisk konsulent Karin H. Steinsland
 - Tillitsvald for utdanningsforbundet Katja Oberle
- Avdelingsingeniør ved Teknisk eining Vidar Tveiterås i sak nr.46/09
- Stabssjef Jan Erik Boge i sak nr. 44/09 og 45/09

Merknader:

Jon Magne Bøgevik Frp hadde merknad til sak 42/09 – manglande vedlegg
Bjørn Sævil B vart funnen ugild i sak nr.43/09
Marit Aase Krf vart funnen ugild i sak nr. 43/09

Orienteringar/meldingar:

- BKK – nye linjeval / pågåande prosessar.
- Legvaktordninga – informasjon
- Steinnemnda – informasjon
- Økonomisjef Nina Erdal orienterte om økonomisk status – skatterekneskap, rentestatus,

| | |
|-----------------------------------|---|
| | aksjekursar, økonomisk status for einingane mm. |
| Spørsmål/interpellasjonar: | |
| Dokument utlevert i møtet: | <ul style="list-style-type: none"> • Orientering frå Ordføraren kunngjort på heimesidene vedk legevakt og diverse. • Orientering om fleirbrukshall – statusrapport 100909 • Orientering om pågåande arbeid vedk. interkommunalt samarbeid innan brann og feiing. • Underlagsmateriale for økonomisk status. |

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 13.10.2009

Desse sakene vart handsama:

SAKLISTE

| Saker til handsaming på møtet | | | |
|-------------------------------|----------|---|---------|
| Sak nr. | Arkivsak | Sakstittel | Merknad |
| 040/09 | 09/528 | Faste saker | |
| 041/09 | 09/33 | Skulebruksplan for Samnanger 2009-2020 – Høyring | |
| 042/09 | 09/496 | PROSAM AS. | |
| 043/09 | 09/399 | Prestebustad - Tilleggsløyving | |
| 044/09 | 09/95 | Forvaltningsrevisjon, innkjøp | |
| 045/09 | 09/282 | Sekretæreneste Kontrollutvalet | |
| 046/09 | 09/521 | Utbetring av drenerings-problem, ved Dråpeslottet | |

| Oversikt faste saker |
|---|
| <ul style="list-style-type: none">• Godkjenning av innkalling og sakliste• Godkjenning av protokoll frå førre møte• Val av tre representantar for underskriving av møteprotokoll (gjeld berre Kommunestyret)• Delegerte vedtak/referatsaker• Utvalet sitt kvarter |

Saknr. 040/09
FASTE SAKER

Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Protokollen frå førre møte vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

01.10.2009 Kommunestyret

Handsaming i møtet:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent med følgjande merknad frå Bogevik Frp; Manglande vedlegg til sak 42/09.
- Val av tre representantar for underskriving av møteprotokoll: Brigte Olav Gåsdal Ap, Helga Nygård Sp og Marit Aase Krf.
- Utvalet sitt kvarter
 - Nils Gåsdal Ap – spurde om det pågåande arbeidet med Ytre Tysse / tusenårsstaden. Ordføraren orienterte om at arbeidet er i gang. Ein mottek i desse dagar grunnlagsmateriale for anbudsrunde.
 - Eva Hellevang H – tok opp spørsmål om drosjekjøring på natt i forhold til den nye legevaktordninga. Ordføraren orienterte om at dette spørsmålet er teke opp med drosjane og det er klart at drosjane også kjører på natt når det gjeld legevakt transport
 - Sture Tveit H –
 - tok opp spørsmålet om kva tid kommunestyret skal gje uttale om nye linjetrasear i høve utbygging av BKK. Ordføraren orienterte om at ein skal vurdera dette fram mot komande møte i hovudutvala og Kommunestyret.
 - Byggjerekneskap dråpeslottet. Ordføraren orienterte om at dette kjem til Kontrollutvalet og Kommunestyret når det er klart frå Teknisk eining.
 - Jens Harald Abotnes Krf – etterlyste orientering om aksjekursar mm. Økonomisjef Nina Erdal orienterte om denne saka under skriv og meldingar.

KS-040/09 Vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Protokollen frå førre møte vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

Saknr. 041/09
SKULEBRUKSPLAN FOR SAMNANGER 2009-2020 - HØYRING

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vart lagt fram utan tilråding

17.09.2009 Personal og økonomiutvalet

Handsaming i møtet: Marit Aase sett fram følgjande framlegg:

” **Skulebruksplan for Samnanger 2009-2020 – Høyring:**

1. Ved val av kortsiktige løysingar 2010-2014.

Frå hausten 2010 vert *alternativ 0.2*, som inneber å samle trinna på dagens skular tilpassa kapasiteten på skulane tilrådd.

Dette inneber at:

- Nordbygda skule vert småskule for 1-3 trinn (S03)
- Gjerde skule vert barneskule for 4-7 trinn (B04)
- Ungdomsskulen vert rein ungdomsskule for 8-10 trinn (U03)

Stipulerte kostnader vert vurderte i budsjett- og økonomiplanarbeidet seinare i haust. Det kortsiktige perspektivet må haldast saman med behov for investeringar på lengre sikt etter kvart som desse vert konkretiserte/prioriterte.

2. Val av langsiktige løysingar 2014-2020.

Her må dei ulike løysingane slik dei ligg i tabell 5.2 s. 71 i framlegg til skulebruksplan utgreiast vidare fram mot budsjettmøtet i desember 09. ”Hallprosjektet” sine framlegg inkl. kommunehusfunksjonane og lokalisering av desse vert å vurdera parallelt, og ein er open for andre alternativ og moglegheiter i høyringa.

Skulebruksplan for Samnanger kommune 2009-2020 vert lagt ut på høyring. Det er ønskjeleg med ei brei høyring utover dei formelle høyringsorgana. Kommunen vil satsa på aktiv deltaking og medverknad (jfr. kommuneplanen).”

Det vart røysta over framlegget som vart vedteke med 4 mot 1 røyst.

PØ-048/09 Vedtak:

Skulebruksplan for Samnanger 2009-2020 – Høyring:

1 Ved val av kortsiktige løysingar 2010-2014.

Frå hausten 2010 vert *alternativ 0.2*, som inneber å samle trinna på dagens skular tilpassa kapasiteten på skulane tilrådd.

Dette inneber at:

- Nordbygda skule vert småskule for 1-3 trinn (S03)
- Gjerde skule vert barneskule for 4-7 trinn (B04)
- Ungdomsskulen vert rein ungdomsskule for 8-10 trinn (U03)

Stipulerte kostnader vert vurderte i budsjett- og økonomiplanarbeidet seinare i haust. Det kortsiktige perspektivet må haldast saman med behov for investeringar på lengre sikt etter kvart som desse vert konkretiserte/prioriterte.

2. Val av langsiktige løysingar 2014-2020.

Her må dei ulike løysingane slik dei ligg i tabell 5.2 s. 72 i framlegg til skulebruksplan utgreiast vidare fram mot budsjettmøtet i desember 09. ”Hallprosjektet” sine framlegg inkl. kommunehusfunksjonane og lokalisering av desse vert å vurdera parallelt, og ein er open for andre alternativ og moglegheiter i høyringa.

Skulebruksplan for Samnanger kommune 2009-2020 vert lagt ut på høyring. Det er ønskjeleg med ei brei høyring utover dei formelle høyringsorgana. Kommunen vil satsa på aktiv deltaking og medverknad (jfr. kommuneplanen).

01.10.2009 Kommunestyret
Handsaming i møtet:

Sture Tveit H sette fram følgjande framlegg til vedtak:

”1.Kortsiktig løysing: Alt 0: Status quo. fram til 2014.

2. For løysing etter 2014 må dette arbeidast vidare med med tanke på eventuelt ha ein barneskule og ein ungdomsskule i Samnanger.”

Monica Tjønna Sp sette fram følgjande framlegg til vedtak:

”At høringa blir sett til 6 uker i stedet for 3 uker.”

Bjørn Sævild B sette fram følgjande framlegg til vedtak:

”Skulebruksplanen for Samnanger kommune 2009-2020 vert lagt ut på høyring. Det er ønskjeleg med ei brei høyring utover dei formelle høyringsorgana. Kommunen vil satsa på aktiv deltaking og medverknad. (jfr. Kommuneplanen). Val av kortsiktig løysing: alt. 0 1A.”

Sture Tveit H trekte punkt 2 i sitt framlegg.

Det vart stemt slik:

Framlegg om kortsiktig løysing:

- PØ sitt framlegg fekk 15 røyster og vart vedteke
- Sture Tveit (H) sitt framlegg fekk 3 røyster og fall.
- Bjørn Sævild (B)sitt framlegg fekk 3 røyster og fall.

Framlegg om langsiktig løysing:

- PØ sitt framlegg vart samrøystes vedteke

Framlegg om høyringsfrist:

- PØ sitt framlegg om 3 veker høyringsfrist fekk 20 røyster og vart vedteke
- Monica Tjønna (Sp)sitt framlegg om 6 veker høyringsfrist fekk 1 røyst og fall

KS-041/09 Vedtak:

1. Ved val av kortsiktige løysingar 2010-2014.

Frå hausten 2010 vert *alternativ 0.2*, som inneber å samle trinna på dagens skular tilpassa kapasiteten på skulane tilrådd.

Dette inneber at:

- Nordbygda skule vert småskule for 1-3 trinn (S03)
- Gjerde skule vert barneskule for 4-7 trinn (B04)
- Ungdomsskulen vert rein ungdomsskule for 8-10 trinn (U03)

Stipulerte kostnader vert vurderte i budsjett- og økonomiplanarbeidet seinare i haust. Det kortsiktige perspektivet må haldast saman med behov for investeringar på lengre sikt etter kvart som desse vert konkretiserte/prioriterte.

2. Val av langsiktige løysingar 2014-2020.

Her må dei ulike løysingane slik dei ligg i tabell 5.2 s. 72 i framlegg til skulebruksplan utgreiast vidare fram mot budsjettmøtet i desember 09. ”Hallprosjektet” sine framlegg

inkl. kommunehusfunksjonane og lokalisering av desse vert å vurdere parallelt, og ein er open for andre alternativ og moglegheiter i høyringa.

Skulebruksplan for Samnanger kommune 2009-2020 vert lagt ut på høyring. Det er ønskjeleg med ei brei høyring utover dei formelle høyringsorgana. Kommunen vil satsa på aktiv deltaking og medverknad (jfr. kommuneplanen).

Saknr. 042/09
PROSAM AS.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

17.09.2009 Personal og økonomiutvalet

Handsaming i møtet:

Marit Aase sette fram følgjande framlegg:

”Endringane i dei økonomiske rammevilkåra til ProSam a.s. gjer det naudsynt å få ei avklaring om kva forventningar kommunen har til selskapet og kva finansiering som er mogleg å få til. Med utgangspunkt i kommuneplan for Samnanger 2007 – 2017, kap ”Arbeid og næring – nyskaping og utvikling” - vert rådmannen beden om å utarbeida ei sak til kommunestyret innan desember 2009 som omhandlar kommunen sitt engasjement innan dette området og kva rolle ProSam a.s. kan ha. Samnanger kommune dekkjer opparbeidd underskot pr. 16.09.09 i ProSam as. Samnanger kommune tek på seg kostnadane for drift av ProSam a.s ut 2009 basert på eit månadleg honorar til dagleg leiar i sept.-desember på kr. 18.000,-. Kostnaden ca kr. 350.000,- vert dekkja ved bruk av næringsfondet. Hausten 2009 vil kommunen kjøpa tenester av ProSam for minst kr. 54.000. Utgiftene vert dekkja over ordinært driftsbudsjett.”

Det vart røysta over framlegget som vart samrøystes vedteke.

PØ-049/09 Vedtak:

”Endringane i dei økonomiske rammevilkåra til ProSam a.s. gjer det naudsynt å få ei avklaring om kva forventningar kommunen har til selskapet og kva finansiering som er mogleg å få til. Med utgangspunkt i kommuneplan for Samnanger 2007 – 2017, kap Arbeid og næring – nyskaping og utvikling - vert rådmannen bedt om å utarbeida ei sak til kommunestyret innan desember 2009 som omhandlar kommunen sitt engasjement innan dette området og kva rolle ProSam a.s. kan ha. Samnanger kommune dekkjer opparbeidd underskot pr. 16.09.09 i ProSam as. Samnanger kommune tek på seg kostnadane for drift av ProSam a.s ut 2009 basert på eit månadleg honorar til dagleg leiar i sept.-desember på kr. 18.000,-. Kostnaden ca kr. 350.000,- vert dekkja ved bruk av disposisjonsfondet. Hausten 2009 vil kommunen kjøpa tenester av ProSam for minst kr. 54.000. Utgiftene vert dekkja over ordinært driftsbudsjett.”

01.10.2009 Kommunestyret

Handsaming i møtet:

Olaug Øystese ba om gruppemøte

Framlegget frå PØ vart samrøystes vedteke.

KS-042/09 Vedtak:

”Endringane i dei økonomiske rammevilkåra til ProSam a.s. gjer det naudsynt å få ei avklaring om kva forventningar kommunen har til selskapet og kva finansiering som er mogleg å få til. Med utgangspunkt i kommuneplan for Samnanger 2007 – 2017, kap Arbeid og næring – nyskaping og utvikling - vert rådmannen bedt om å utarbeida ei sak til kommunestyret innan desember 2009 som omhandlar kommunen sitt engasjement innan dette området og kva rolle ProSam a.s. kan ha.

Samnanger kommune dekkjer opparbeidd underskot pr. 16.09.09 i ProSam as. Samnanger kommune tek på seg kostnadane for drift av ProSam a.s ut 2009 basert på eit månadleg honorar til dagleg leiar i sept.-desember på kr. 18.000,-. Kostnaden ca kr. 350.000,- vert dekkja ved bruk av disposisjonsfondet. Hausten 2009 vil kommunen kjøpa tenester av ProSam for minst kr. 54.000. Utgiftene vert dekkja over ordinært driftsbudsjett.”

Saknr. 043/09**PRESTEBUSTAD - TILLEGGSLØYVING****Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Saka vert lagt fram utan tilråding.

17.09.2009 Personal og økonomiutvalet

Handsaming i møtet: Bjørn Sævild bad om å verta vurdert ugild, og gjekk i frå. Olaug Øystese kan inn som vara. Marit Aase bad om å verta vurdert som ugild i saka og gjekk i frå. Sigmund Dyrhoven kom inn som vara.

Bright Olav Gåsdal leia møtet under handsaminga av saka. Utvalet vurderte ugildskapen og fann begge ugilde i saka.

Bright Olav Gåsdal sette fram følgjande framlegg:” Samnanger kommune tilleggsloøyver inntil kr. 1.15 millionar til fullfinansiering av ny prestebustad. Summen skal finansierast ved låneoptak.” Framlegget vart samrøystes vedteke.

PØ-050/09 Vedtak:

Samnanger kommune tilleggsloøyver inntil kr. 1.15 millionar til fullfinansiering av ny prestebustad. Summen skal finansierast ved låneoptak.

01.10.2009 Kommunestyret

Handsaming i møtet:

Bjørn Sævild ba om å få vurdert sin gildsskap i saka. Han vart funnen samrøystes ugild i saka. Han gjekk i frå møtehandsaminga. Han hadde ikkje varamann.

Marit Aase ba om å få vurdert sin gildsskap i saka. Ho vart funnen samrøystes ugild i saka. Ho gjekk i frå møtehandsaminga. Ho hadde ikkje varamann.

Varaordfører Bright Olav Gåsdal Ap leia møtet i denne saka..

Det vart stemt over framlegget frå PØ og dette vart samrøystes vedteke.

KS-043/09 Vedtak:

Samnanger kommune tilleggslyver inntil kr. 1.15 millionar til fullfinansiering av ny prestebustad. Summen skal finansierast ved låneopptak.

Saknr. 044/09**FORVALTNINGSREVISJON, INNKJØP****Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret ber administrasjonen følgje tilrådingane som KPMG gir i rapporten. Tilbakemelding om status for arbeidet vert å gje til kommunestyret til møtet i desember 2009 med kopi til kontrollutvalet.

01.10.2009 Kommunestyret
Handsaming i møtet:

Framlegget frå Kontrollutvalet vart samrøystes vedteke

KS-044/09 Vedtak:

Kommunestyret ber administrasjonen følgje tilrådingane som KPMG gir i rapporten. Tilbakemelding om status for arbeidet bes gitt til kommunestyret til møtet i desember 2009 med kopi til kontrollutvalet.

Saknr. 045/09**SEKRETÆRTENESTE KONTROLLUTVALET****Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:**

Kontrollutvalet i Samnanger kommune tilrår å gå i forhandling med Hordaland fylkeskommune, sekretariat for kontrollutvalet, om sekretariatstenester for perioden 1/8-09 til 31/12-13.

Kontrollutvalet går inn for å avtale timepris.

I tillegg vil KU ha med følgjande tekst i pkt. 7 i forslag til avtale.

”Samnanger kommune kan seia opp avtalen dersom forutsetningane under pkt. 3 ikkje vert oppfylt. Oppseiingstid 6 mnd.

01.10.2009 Kommunestyret
Handsaming i møtet:

Framlegget frå Kontrollutvalet vart samrøystes vedteke.

KS-045/09 Vedtak:

Samnanger kommune går i forhandling med Hordaland fylkeskommune, sekretariat for kontrollutvalet, om sekretariatstenester for perioden 1/8-09 til 31/12-13.

Det skal avtalast timepris.

I tillegg skal følgjande tekst inn i pkt. 7 i forslag til avtale.

”Samnanger kommune kan seia opp avtalen dersom forutsetningane under pkt. 3 ikkje vert oppfylt. Oppseiingstid 6 mnd.

Saknr. 046/09

UTBETRING AV DRENERINGS-PROBLEM, VED DRÅPESLOTTET

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

01.10.2009 Kommunestyret

Handsaming i møtet: Brigit Olav Gåsdal Ap sette fram framlegg om å utsette saka:
".Saka vert utsett og fremja i budsjett 2010."

Det vart debattert over utsetjingsframlegget.

Brigit Olav Gåsdal Ap kom med eit nytt utsettingsframlegg: ".Saka vert utsett og fremja for PØ Som får fullmakt til å gjera vedtak i saka. Planleggjaren skal ta omsyn til innspel i Kommunestyret om val av permanent løysing."

Det vart røysta over framlegget som fekk 20 mot 1 røyst og vart vedteke.

KS-046/09 Vedtak:

"Saka vert utsett og fremja for PØ Som får fullmakt til å gjera vedtak i saka. Planleggjaren skal ta omsyn til innspel i Kommunestyret om val av permanent løysing."

